

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Vest RHF
Dato: 20.10.2010
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen, Erik Sverrbo m.fl.**
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per september 2010**

Arkivsak

2010/111/

Styresak 114/10 B

Styremøte 03.11. 2010

Forslag til vedtak

1. Styret tek rapportering frå verksemda per 30. september 2010 til etterretning.

Oppsummering.

Til dels store endringar i innsatsstyrt finansiering (ISF) frå 2009 til 2010 gjer at det er vanskeleg å samanlikne den somatiske aktiviteten med tilsvarande tal for 2009. Samanlikna med budsjettert aktivitet er den samla DRG-produksjonen per september 1,4 % høgare enn det HF-a i sum har budsjettert med.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per september 2010 viser at sjølv om dei gjennomsnittlege ventetidene som forventast gjekk ned frå august til september, er dei framleis lengre enn for eit år sidan innan somatikken. Innan BUP og psykisk helsevern for vaksne er dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar kortare enn ved utgangen av september 2009, medan ventetidene er lengre for pasientar utan prioritet. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. Epikrisetidene held seg stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rundt 65 % innan somatisk sektor.

Akkumulert resultat pr september er positivt med kr 116,9 mill som er kr 7,3 mill dårlegare enn budsjett. Helse Førde rapporterer at dei forventar å få eit resultat som er kr 20 mill dårlegare enn budsjett ved årets slutt. Dei andre føretaka opprettheld sine prognoser frå førre rapportering. Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 5,9 % per august. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,1 % i august noko som er ein liten nedgang frå tala i juli. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var i august 68,8 %. Tal for sjukefråværet i september vil bli lagt fram og presentert i styremøtet.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per oktober 2010 var 17 132. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 256 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 473 netto månadsverk.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er denne månaden på 80 prosent, ned 1 prosentpoeng frå august. Inntrykket av det regionale helseføretaket ligg i september på 62 prosent, det høgaste nivået som er målt sidan målingane starta.

Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 30. september 2010. Under sak 74/06 B og sak 80/07 finn ein oversikt over indikatorane brukt i rapporten med tilhøyrande definisjon. Grenseverdier som er vedtekne av styret finn ein i sak 14/07 B og sak 80/07.

Den helsefaglege delen av verksemdrapporteringa består av fire målekort: aktivitetsutvikling, ventetidsutvikling, epikrisetider og tertialsvisе indikatorar. Dei tre første målekorta består i all hovudsak av månadlege indikatorar, medan det siste målekortet har tertialsvisе indikatorar.

Kommentar

1. Aktivitetsutvikling

Datakjelda som blir nytta i rapporteringa av aktivitetsdata innan somatikken (og psykisk helsevern) er manuelle tal som helseføretaka sjølv rapporterar inn til Helse Vest RHF månadleg. I denne rapporteringa blir samla tal for aktiviteten til og med september 2010 samanlikna med tala for dei tilsvarande månadene i 2009.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Psykisk Helsevern for Barn og unge				
Aktivitet døgntillegging	4%	5%		
Aktivitet dagtillegging	4%	5%		
Psykisk helsevern for voksne				
Aktivitet døgntillegging	-0,8%	5%		
Aktivitet dagtillegging	4,6%	5%		

Somatikk

Fleire omleggingar på nasjonalt nivå innan innsatsstyrt finansiering (ISF) i 2010 gjer at ein ikkje kan rapportere somatisk aktivitet uttrykt i DRG-poeng, sjukehusopphald eller polikliniske konsultasjonar som er direkte samanliknbare med tal for 2009. Omleggingane består blant anna i at all poliklinisk aktivitet no blir finansiert innan ISF, noko som genererer fleire DRG-poeng enn i 2009, samt at "tekniske" endringar i ISF-logikken påverkar fordelinga mellom talet på sjukehusopphald og talet på polikliniske konsultasjonar, slik at desse heller ikkje er direkte samanliknbare mellom åra.

Dei faktiske tala syner at det totalt er generert nær 170 000 DRG-poeng dei ni første månadene av 2010. For Helse Vest er dette totalt 1,4 % høgare enn den samla summen helseføretaka hadde budsjettert med for same periode. Tre av helseføretaka har så langt i 2010 ein samla DRG-produksjon som er høgare enn budsjettert, medan Helse Bergen HF ligg lågare enn eige budsjett. Helse Bergen HF rapporterar og at det har vore vanskeleg å registrere korrekt innan somatikk pga endringar i pasientadministrativt system, og ei samla vurdering tilseier at aktiviteten er tilfredsstillande sett i samanheng med dei store omstillingane.

Det totale talet sjukehusopphald (døgn og dag) var om lag 172 000 for dei fire helseføretaka ved utgangen av september 2010, medan talet polikliniske konsultasjonar var nær 750 000. Per september 2010 hadde Helse Bergen HF og Helse Fonna HF ein aktivitetsutvikling målt i sjukehusopphald som var høgare enn det som låg i budsjetta, medan Helse Stavanger HF og Helse Førde HF låg under budsjett. I sum ligg helseføretaka i Helse Vest 0,9 % høgare enn budsjettert målt i sjukehusopphald. Når det gjeld den polikliniske aktiviteten ligg alle dei fire helseføretaka lågare enn det talet polikliniske konsultasjonar som var budsjettert, og i sum ligg helseregionen -1,4 % lågare.

Psykisk helsevern

I perioden frå januar til september 2010 var aktivitetsnivået innan barne og ungdomspsykiatrien målt i liggjedøgn 4 % høgare enn til same tid i 2009. Uttrykt i absolutte tal er aktivitetsforskjellane relativt små, og det er generert 370 fleire liggjedøgn i 2010 enn i 2009. Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF rapporterar om nokre færre liggjedøgn enn året før, medan Helse Førde HF og Helse Fonna HF har generert fleire liggjedøgn.

Indikatoren for dagbehandling innan BUP (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner eit aktivitetsnivå per september 2010 som er om lag 4 % høgare enn ved utgangen av september 2009. Så langt i 2010 er det til saman gjennomført i overkant av 86 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald, noko som er tilnærma 3 600 fleire enn i same periode i 2009. Helse Bergen HF og Helse Fonna HF har eit høgare aktivitetsnivå enn til same tid i 2009, medan dei to andre helseføretaka har eit lågare aktivitetsnivå.

Aktivitetsnivået innan psykisk helsevern for voksne var per september 2010 -0,8 % lågare enn i tilsvarende periode i 2009 målt i talet liggjedøgn. I absolutte tal har det blitt generert om lag 193 000 liggjedøgn, noko som er rundt 1 500 færre enn i 2009. Av dei fire helseføretaka har særleg Helse Fonna HF, men og Helse Stavanger HF har generert fleire liggjedøgn så langt i 2010, medan Helse Bergen HF og Helse Førde HF rapporterar lågare aktivitet enn i 2009. I Helse Bergen HF er dette ei ønska vridning frå døgnbehandling til polikliniske behandling.

Aktivitetsutviklinga innan dagbehandling (som inneheld dagopphald og poliklinikk) syner at den samla aktiviteten innan psykisk helsevern for vaksne er 4,6 % høgare enn året før. Helse Fonna HF, Helse Bergen HF og Helse Stavanger HF har alle eit aktivitetsnivå som er høgare enn til same tid i 2009, medan Helse Førde HF har eit lågare aktivitetsnivå enn per utgangen av september 2009. Uttrykt i absolutte tal er det gjennomført nær 128 000 polikliniske konsultasjonar og dagopphald dei ni første månadene av året, noko som er om lag 5 600 fleire enn per september 2009.

2. Ventetidsutvikling

I styrerapporteringa blir tal for ventetidsutviklinga henta frå det regionale datavarehuset, som er utvikla innan prosjektet "heilskeapeleg styringsinformasjon". Datagrunnlaget i datavarehuset er det same som Norsk pasientregister nyttar til nasjonal statistikk. Data blir handsama etter dei same reglane, men små avvik kan førekome.


Somatikk

Det er avdekkja at Helse Bergen HF og Haraldsplass diakonale sjukehus har utfordringar knytt til ventelisteregistreringane innan somatikken etter overgangen til nytt pasientadministrativt system (DIPS). Ikkje alle pasientar som har starta behandling har blitt tatt av ventelista, noko som gjev for høge ventetider og tal på ventande, samt gjev for låge tal for pasientar som har starta behandling. I denne rapporteringa inngår difor ikkje tal frå Helse Bergen HF og Haraldsplass diakonale sjukehus.

For dei tre andre helseføretaka i regionen har dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande innan somatikken som forventta gått ned frå august til september. Dette gjeld både for ventande med prioritet og for ventande utan prioritet.

For pasientar med prioritet var ventetida ved utgangen av september 2010 81 dagar i gjennomsnitt, noko som er 8 dagar kortare enn førre månad, men 13 dagar lengre enn ved utgangen av september 2009. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida 124 dagar, noko som er 16 dagar lengre enn til same tid i 2009.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan somatikk (ekskl Helse Bergen HF)



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som framleis venta på behandling ved utgangen av september 2010 var 101 dagar innan somatikken. Den samla ventetida ligg dermed 10 dagar lågare enn i august 2010, men er i gjennomsnitt 13 dagar lengre enn til same tid i 2009.

Helse Fonna HF var det helseføretaket som hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene ved utgangen av september 2010, både for ventande med prioritet (61 dagar) og for ventande utan prioritet (110 dagar). Dei gjennomsnittlege ventetidene for ventande med prioritet ved dei andre helseføretaka


var 81 dagar i Helse Førde HF og 87 dagar i Helse Stavanger HF ved utgangen av september 2010. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritert var 127 dagar både i Helse Førde HF og i Helse Stavanger HF.

Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta behandling i september 2010, så var dei 81 dagar for prioriterte og 99 dagar for ventande utan prioritet. For prioriterte pasientar er dette 11 dagar lengre gjennomsnittleg ventetid enn i september 2009, medan ventetida er 15 dagar lengre for enn for eit år sidan for behandla pasientar utan prioritet.

Psykisk helsevern for barn og unge

Innen psykisk helsevern for barn og unge (BUP) gjekk ventetidene og ned frå august til september 2010. Figuren nedanfor synar at dei gjennomsnittlege ventetidene gjekk mest markant ned for pasientar med prioritet, medan dei gjekk marginalt ned (2 dagar) for pasientar utan prioritet.

Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for barn og unge (BUP)



Den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet var 61 dagar ved utgangen av september 2010. Dette er 12 dagar kortare enn ved utgangen av førre månad og 4 dagar kortare enn i september 2009. For dei ventande utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida per september 2010 135 dagar, noko som er 4 dagar lengre enn for eit år sidan. Figuren over viser og at den gjennomsnittlege ventetida er markant lågare for pasientar med prioritet, enn for dei utan prioritet.

Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar med prioritet var kortast i Helse Bergen HF ved utgangen av september 2010 med 38 dagar i gjennomsnitt. Ventetidene for prioriterte i dei andre helseføretaka var 49 dagar i Helse Stavanger HF, 59 dagar i Helse Førde HF og 102 dagar i Helse Fonna HF. Dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientar utan prioritet varierte frå 114 dagar i Helse Fonna HF til 148 dagar i Helse Bergen HF.


Ventetida for prioriterte pasientar som blei tatt til behandling i september 2010 var 79 dagar, noko som er 4 dagar kortare enn for eitt år sidan. Talet på pasientar utan prioritet som startar behandling er svært lågt, noko som gir store variasjonar i dei gjennomsnittlege ventetidene. I gjennomsnitt var ventetida 116 dagar for pasientar utan prioritet som blei tatt til behandling i september 2010, noko som er markant kortare enn for eit år sidan.

Psykisk helsevern for vaksne

Av figuren under som syner utviklinga i gjennomsnittlege ventetider innan psykisk helsevern for vaksne ser ein at ventetidene har gått ned den seinaste månaden både for ventande med og utan prioritet. Ved utgangen av september 2010 var den gjennomsnittlege ventetida for ventande med prioritet 71 dagar og 141 dagar for dei utan prioritet. For pasientar med prioritet er denne ventetida i gjennomsnitt 18

dagur kortare enn for eitt år sidan og 13 dagar kortare enn i august 2010, medan ventetida var 22 dagar lengre enn i september 2009 for pasientar utan prioritet.


Gjennomsnittleg ventetid og tal ventande innan psykisk helsevern for vaksne



Helse Førde HF hadde dei kortaste gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar ved utgangen av september 2010 med 46 dagar, medan Helse Stavanger HF hadde dei lengste gjennomsnittlege ventetidene for dei same pasientane med 101 dagar. Dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar i Helse Fonna HF og Helse Bergen HF var høvesvis 66 dagar og 61 dagar ved utgangen av september i år. For ventande utan prioritet varierte dei gjennomsnittlege ventetidene frå 83 dagar i Helse Førde HF til 214 dagar i Helse Bergen HF.

Ventetida for dei pasientane som blir tatt til behandling innan psykisk helsevern for vaksne ligg ein god del lågare enn ventetidene for dei som framleis står på venteliste. For prioriterte pasientar som vart tatt til behandling i september 2010 var den gjennomsnittlege ventetida 50 dagar, noko som er 5 dagar kortare enn for 12 månader sidan. For pasientar utan prioritet var den gjennomsnittlege ventetida for pasientar som starta behandling i september 2010 var 87 dagar, noko som er identisk med ventetida for eit år sidan.

3. Epikrisetid



I september 2010 var delen epikrisar sendt innan 7 dagar 64 % innan somatikk, medan delen låg på 76 % innan psykisk helsevern. Det generelle biletet er at epikrisetidene i regionen har halde seg relativt stabile dei siste 12 månadene, med ein høgare prosentdel sendt tidsnok innan psykisk helsevern enn innan somatikken.

Innan psykisk helsevern har Helse Førde HF klart å nå målsettinga om 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar enkelte månader det siste året. I sommar har og Helse Bergen HF klart denne målsettinga, medan Helse Fonna HF og Helse Stavanger HF ligg rundt 70 % - 75 %.

I Helse Førde HF klarte dei og å nå målet om minst 80 % epikrisar sendt innan 7 dagar innan somatikken i perioden frå juni til august 2010. I september 2010 låg Helse Førde HF på 78 %, Helse Fonna HF låg på 70 %, medan Helse Stavanger og Helse Bergen HF låg på 60 %.

4. Tertialsvise indikatorar

Tertialsvise indikatorer		Resultat	Mål	Status	=
Samlet Bilde					●
Korridorpatientar psykisk helsevern		0,5%	0%	●	
Korridorpatientar somatikk		3,3%	0%	●	
Strykingar av planlagte operasjonar		7,4%	5%	●	

Indikatorane i målekortet syner status for delen korridorpatientar og delen strykingar av planlagde operasjonar per 2. tertial 2010. Desse tala blei presentert på styremøtet 6. oktober 2010. Dei nasjonale måla er at ein helst ikkje skal ha korridorpatientar innan psykisk helsevern og somatikk, og at delen strykingar av planlagde operasjonar ikkje bør overstige 5 %.

5. Økonomi


5.1 Resultat

	September			Hittil pr. september		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	-238	1 195	-1 433	16 833	5 867	10 966
Helse Bergen	16 224	10 804	5 420	71 832	76 325	-4 493
Helse Fonna	2 852	990	1 862	11 963	6 863	5 100
Helse Førde	-5 756	-3 674	-2 082	-28 818	-20 404	-8 414
Helse Stavanger	2 906	2 199	707	-13 567	19 788	-33 355
Fellesområde, føretaksgruppa	19 998	3 723	16 275	54 081	32 506	21 575
Administrasjonen	502	-429	931	1 172	1 256	-84
Helse Vest IKT	-232	-915	683	3 357	1 918	1 439
Til saman	36 256	13 893	22 363	116 853	124 119	-7 266

Alle tall i helle tusen

Akkumulert resultat pr september er positivt med kr 116,9 mill som er kr 7,3 mill dårlegare enn budsjett.

Helse Stavanger




Resultatet i september er pluss kr 2,9 mill som er kr 0,7 mill betre enn budsjetttert. Etter ni månader har Helse Stavanger eit negativt akkumulert resultat på kr 13,6 mill som utgjør eit negativt budsjettavvik på kr 33,4 mill. Inntektene pr september viser kr 54,2 mill i positivt avvik og skuldast hovudsakleg eit overskot på innsats styrt finansiering (ISF) relatert til eigne pasientar på kr 19,7 mill, eit overskot på andre øyremerka tilskot på kr 24,6 mill, samt at polikliniske inntekter har eit positivt avvik på kr 12,5 mill.

Etter ni månader viser dei totale driftskostnadane kr 94,8 mill i negativt avvik der personalkostnadane utgjør kr 45,5 mill av dette avviket. Ekstern innleige går denne månaden noko ned som mellom anna skuldast at føretaket har implementert intern vikarpool samt at ferien nå er avvikla. Fråværet er lågare i 2010 målt mot 2009 men personalkostnadane er høge i forhold til budsjett og total inntening. Dette er lite tilfredstillande og føretaket melder at dei arbeider aktivt for å forbetre dette.

Andre driftskostnader viser eit negativt avvik på kr 10,1 mill, der hovuddelen ennå er knytt til auka energikostnader. Avskrivningar gir eit positivt avvik på kr 5,4 mill og finans resultatet pr september viser eit positivt budsjettavvik på kr 7,3 mill.

Helse Fonna




Alle tall i heile tusen

Føretakets resultat i september er på kr 2,9 mill som er kr 1,9 mill betre enn budsjetttert. Akkumulert resultat pr september er kr 12 mill mot eit budsjetttert resultat på pluss kr 6,9 mill som gir eit positivt budsjettavvik på kr 5,1 mill.

Akkumulerte personalkostnader inkludert innleige av personell frå byrå er ennå for høgt i høve til føretakets aktivitet og budsjett. Korrigert for refusjonsinntekter frå NAV utgjør avviket kr 19,8 mill noko som i prosent utgjør om lag same budsjettavvik som ved førre rapportering. Hovudtyngda av avviket er framleis knytt til overtid og ekstrarhjelp.

Helse Bergen




Alle tall i heile tusen

Helse Bergen har i september eit positivt resultat på kr 16,2 mill som er kr 5,4 mill betre enn budsjettert. Akkumulert resultat i september er pluss kr 71,8 mill som er kr 4,5 mill dårlegare enn budsjettert.

Driftsinntektene viser eit negativt budsjettavvik på kr 21,5 mill der i overkant av kr 23 mill er knytt til aktivitetsavhengig inntekt. Nytt journal- og pasientadministrativt system vart sett i drift den 26. april 2010. Føretaket er framleis usikker på kva effekt denne innføringa har hatt for evt. tap av inntekt i innføringsperioden.

Kostnadssida syner eit akkumulert budsjettavvik på kr 6,3 mill per september. Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit positivt budsjettavvik på i overkant av kr 31 mill. Meirforbruk av TNF-hemmarar og MS-medikament gir eit negativt budsjettavvik på om lag kr 12,5 mill. Etter 9 månadar er det eit negativt budsjettavvik på energikostnad på i overkant av kr 13 mill. Delar av det positive avviket på andre driftskostnader må bli sett i samanheng med det negative budsjettavviket på ramme, tilskot og refusjonar samt at det har vore lågare kostnader enn budsjettert til mellom anna pasienttransport, reiser og forsikringspremiar.

Helse Førde



Alle tall i heile tusen

Resultatet i september er minus kr 5,8 mill som er kr 2,1 mill dårlegare enn budsjettet. Føretaket har etter ni månader eit negativt resultat på kr 28,8 mill noko som er kr 8,4 mill dårlegare enn budsjettet.

Inntektene hittil i år er kr 4,4 mill høgare enn budsjett. Kostnadssida syner eit akkumulert negativt avvik mot budsjett på kr 12,8 mill. Lønnskostnadane syner eit meirforbruk på kr 3,3 mill noko som er ei forbetring på kr 1,1 mill si førre rapportering. Varekostnader har eit meirforbruk på kr 6,4 mill og meirforbruket knytt til andre driftskostnader utgjør kr 6,8 mill. Finanskostnadane syner eit mindreforbruk på kr 3,7 mill målt mot budsjett.

Kjøp av helsetenester

Akkumulert resultat pr september er kr 21,6 mill betre enn budsjettet. Hovudårsaka til resultatforbetringa er justert avsetning knytt til kjøp av laboratorium/røntgen tenester frå dei private samt tilbakeført avsetning knytt til pensjoner for Apoteka Vest, Helse Vest IKT og RHF'et.

Administrasjonen

Akkumulert resultat pr september er omlag som budsjettet.

Sjuehusapoteka Vest

Føretaket har i september eit negativt resultat på kr 0,2 mill som er kr 1,4 mill dårlegare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 16,8 mill som er kr 11 mill betre enn budsjett. Det positive avviket skuldast hovudsakeleg at varesalet ligg kr 35,7 mil (8,1 %) over budsjett samt ein tilbakeført avsetning knytt til tap på krav frå HELFO på kr 1,9 mill.

Helse Vest IKT AS

I september er resultatet minus kr 0,2 mill som er kr 0,7 mill dårlegare enn budsjettet. Akkumulert har føretaket eit resultat som er kr 1,4 mill betre enn budsjettet.

5.2 Omstilling

Helse Stavanger

Helse Stavanger rapporterer om ei realisert omstillingseffekt på 50 % av planlagt effekt av omstillingstiltaka pr september. Styret i føretaket har bede om at det utarbeidast nye tiltak som kan gi ei betre realiseringsgrad. Dei nye tiltaka vil være inkludert i neste månads rapportering.

Helse Fonna

Føretaket har ei tiltakspakke spesielt retta mot Klinikk for kirurgi og akuttmedisin som er den klinikken med dei største økonomiske utfordringane. Tiltakspakka er på kr 8 mill og effekten av tiltaka pr september utgjør 48 % medan ein forventar ei måloppnåing på 58 % ved årets slutt.

Helse Bergen

Helse Bergen har omstillingstiltak gåande i dei klinikkane som har dei største budsjettutfordringane i 2010, utan at dette er talfesta i denne saka.

Helse Førde

Føretaket melder om ei realisering på 88 % av planlagt effekt pr september noko som er 8 prosentpoeng dårlegare enn førre rapportering. Helse Førde har ei tiltakspakke på kr 51,1 mill og forventar ein realiseringsgrad på 94 % ved årets slutt. Auken i tiltak er ein del av føretaket sitt arbeid med å utarbeide nye tiltak på til saman kr 20 mill. Arbeidet med strategiprosessen mot 2020 legg føringar på kva som vert prioritert i dette arbeidet.

5.3 Prognose

	Heile året		
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest	10 700	7 833	2 867
Helse Bergen	110 000	110 000	0
Helse Fonna	12 000	10 000	2 000
Helse Førde	-60 000	-40 000	-20 000
Helse Stavanger	0	26 323	-26 323
Fellesområde, føretaksgruppa	43 677	43 677	0
Administrasjonen	0	0	0
Helse Vest IKT	105	105	0
Sum	116 482	157 938	-41 456

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger opprettheld si justerte prognose frå førre rapportering og rapporterer eit budsjettavvik på minus kr 20 mill ved årets slutt.

Helse Fonna rapporterer ei forbetra prognose som er kr 2 mill over budsjetttert resultatkrav.

Helse Bergen og Helse Vest IKT si prognose tilsvarar budsjetttert resultatkrav.

Helse Førde har oppdatert si prognose og rapporterer ei prognose som er kr 20 mill dårlegare enn budsjetttert resultatkrav.

Sjukehusapoteka Vest opprettheld si prognose som er omlag kr 3 mill betre enn budsjetttert resultatkrav.

5.4 Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av september ein netto likviditet på minus kr 119 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto driftskreditt for året.




Bruk av driftskreditt vil auke mot slutten av året som følgje av mellom anna utbetaling av reguleringspremie til KLP. Samla sett er likevel driftskredittramma vurdert til å vere godt innafor trekkramma. Helse Vest har ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffe tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

6. Medarbeidarar

Det samla sjukefråværet for føretaksgruppa Helse Vest var 5,9 % per august 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,1 % per august 2010. Det var ein liten nedgang frå juli 2010. Samanlikna med same månad i 2009 er det ein nedgang på 1,3 % for både samla sjukefråvær og sjukemeldt fråvær. Den positive utviklinga for sjukefråværet har også påverka månadsverk som då aukar. Når medarbeidarane er meir tilstade på arbeid vil dette sjølvsagt gi positiv utteljing.

Gjennomsnittleg lengde sjukemeldt sjukefråvær er på 10 dagar for august 2010, og tal einingar med eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var 68,8 % per august 2010.




Eigenmeldt sjukefråvær er lågt i heile føretaksgruppa. Eigenmeldt sjukefråvær er om lag 1% hittil i år. Det er nokre variasjonar i dei einskilde månadene, mest sesongmessige svingningar.

	Fråværsdagsverk		Fråværsmånedssverk		Fråværsprosent	
	Valgt periode (201008)	Året fram til valgt periode	Valgt periode (201008)	Året fram til valgt periode	Valgt periode (201008)	Året fram til valgt periode
Sjukdom	19 480	190 823	886	8 823	4,68	5,93
Egenmelding	2 640	27 591	120	1 276	0,63	0,86
Sjukemeldt fråvær	16 839	163 232	766	7 547	4,05	5,07
Lønna permisjon	14 359	128 311	653	5 932	3,57	4,15
Lønna omsorgspermisjon	93	840	4	39	0,02	0,03
Grunna adopsjon	71	841	3	39	0,02	0,03
Grunna sjukt barn	566	7 288	26	337	0,14	0,23
Grunna svangerskap	11 300	95 307	514	4 406	2,79	3,05
Andre årsakar	2 328	24 035	106	1 111	0,56	0,75
Uilønna permisjon	905	6 045	41	279	0,22	0,19
Ferie/fritid	77 034	301 018	3 502	13 917	22,72	10,32
Anna fravær	48	247	2	11	0,01	0,01

For august månad var fordelinga for sjukemeldt sjukefråvær i intervallet 17-56 dagar 2,4%, intervallet over 56 dagar 0,3%. Korttidsfråværet utgjør 3,3% av det samla sjukefråværet. Hovudtyngda av korttidsfråværet finn ein i intervallet 9-16 dagar som utgjør 1,5% av det samla sjukefråværet. Dette syner ein god balanse i sjukefråværet. Langtidsfråværet går ned og korttidsfråværet held seg på om lag same nivå som tidlegare. Det er ein sunn fråværskultur i helseføretaka. Det viktige i tida framover er bruk av tiltak og fokus på dei einingane som ennå har eit høgt sjukefråvær og trekkje fram alle dei gode resultat. Resultatet i Helse Førde spesielt, syner at tiltak og fokus der fråværet er høgt, gir resultat og betre trivsel. Rett nok er dette krevjande, men meningsfylde prosessar. Ingen tiltak er universelle. Rette og gode tiltak som får verknad, og godt leiarskap og medarbeidarskap er dei grep som gjer resultat. Det

er viktig at dei gode resultata viser igjen i kommunikasjonen. For august var det registrert om lag 79.000 feriefråværsdagsverk. Dette påvirkar netto månadsverk og moglege dagsverk som sjukefråværet blir berekna av. Når moglege dagsverk går ned, og sjukefråværet i tal sjukefråværsdagsverk likevel er heilt likt, vil % sjukefråvær gå opp. Når ein likevel har nedgang, er dette svært gledelege tal. Forskjellen i moglege dagsverk er om lag 10.000 dagsverk lågare i feriemånadene.




Utviklinga ein ser gir fleire effektar:

1. Vinstar for dei som blir friske – kjem tilbake i arbeid. Arbeidsplassen er ein viktig del av eins liv. Kor viktig arbeidsplassen er, er ofte usynleg i den friske kvardagen. Når ein blir sjuk, er det svært mange som melder at arbeid betyr svært mykje for god helse.
2. Det betyr mykje for tema og kollegaene. Det kan bli mindre arbeidsbyrde, eller bruk av ekstra tid i form av meiararbeid og overtid eller bruk av vikarar.
3. Redusert tal sjukefråværsdagar hittil i år per august er om lag 22.000 dagar. Det er ein betydeleg ressurstilgang i tilhøve til same periode i 2009.
4. Dei økonomiske gevinstane som kan utgjera om lag 42 millionar kroner, (kr. 1.900 per fråværsdagsverk).

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per oktober 2010 var 17 132. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 256 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 473 netto månadsverk.


Brutto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per oktober 2010 var 18 729. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 217 brutto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 428 brutto månadsverk. Hittil i år er det ei auke på 2 597 brutto månadsverk frå 2009 til 2010 for januar til oktober.

Det vil bli føretatt ein gjennomgang av etterslep på variable timar. Timar som blir godkjend/utbetalt i feil månad innverkar på månadsverka. Det vil bli gitt ein nærare orientering i møtet.




Helse Stavanger

Samla sjukefråvær i Helse Stavanger var 4,7 % per august 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 3,9 % per august 2010. Det var ei lita auke for samla sjukefråvær frå juli til august 2010 og ein liten nedgang for sjukemeldt sjukefråvær. Samanlikna med juli 2009 er det ein nedgang på 2,4 % for samla sjukefråværet og ein nedgang på 2,2 % for sjukemeldt fråvær. Helse Stavanger har den siste tida nådd dei langsiktige måla for sjukefråvær og den positive utviklinga for sjukefråværet ser ut til å helde framover.




Netto månadsverk for Helse Stavanger per oktober var 4 644. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 99 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 157 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Stavanger per oktober var 5 055. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 65 brutto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 142 brutto månadsverk.




Helse Fonna

Samla sjukefråvær i Helse Fonna var 6,5 % per august 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,7 % per august 2010. Det var ein nedgang på 0,2 % for samla sjukefråvær frå juli til august 2010 og ein nedgang på 0,6 % for sjukemeldt sjukefråvær. Samanlikna med august 2009 er det ein nedgang på 0,6 % for sjukemeldt sjukefråvær og ein nedgang på 0,7 % for samla sjukefråvær.




Netto månadsverk for Helse Fonna per oktober var 2 543. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 52 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 69 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Fonna per oktober var 2 774. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 55 brutto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 74 brutto månadsverk.




Helse Førde

Samla sjukefråvær i Helse Førde var 5,9 % per august 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,2 % per august 2010. Det var ein liten nedgang for begge frå juli til august 2010. Samanlikna med august 2009 er det ein nedgang på 1,5 % for samla sjukefråvær og ein nedgang på 1,7 % for sjukemeldt fråvær. Den positive utviklinga for sjukefråværet i Helse Førde i 2010 er framragande. Dei har verkeleg fått nedgang i sjukefråværet, og dei har gjort ein stor innsats i heile føretaket.




Netto månadsverk for Helse Førde per oktober var 1 992. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 19 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 36 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Førde per oktober var 2 207. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 33 brutto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 26 brutto månadsverk.



Helse Bergen


Samla sjukefråvær i Helse Bergen var 6,4 % per august 2010. Sjukemeldt sjukefråvær var 6,7 % per august 2010. Frå juli 2010 var det ein nedgang på 1 % for samla sjukefråvær og ein nedgang på 1,1 % for sjukemeldt fråvær. Samanlikna med august 2009 ein nedgang på 2 % for samla sjukefråvær og ein nedgang på 1,9 % for sjukemeldt fråvær. Helse Bergen melder at dei har noko lengre rapporteringstid for sjukefråvær. Om dette har verka inn på august tala vil bli avklart til styremøtet. Dersom etterslepet ikkje verkar inn på resultatata slik dei er presentert for august månad, har også Helse Bergen hatt ein god utvikling.



Netto månadsverk for Helse Bergen per oktober 7 773. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 88 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 204 netto månadsverk.

Brutto månadsverk for Helse Bergen per oktober 8 506. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 69 brutto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 183 brutto månadsverk.

Brutto og netto månadsverk - Helse Bergen



7. Omdømme


Omdømme	Resultater	Mål	Status
Samfunn			
Tilfro til tjenesten	80	80	●
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	4	0	●
Inntrykk av det regionale hels...	62	80	●
Pasienter og pårørende			
Avvik tilfro pasienter/pårøren...	4	0	●
Avvik tilfro pasienter og pårø...	3	0	●

7.1 Tilfro til tenesta – september månad

(Tala refererer til kor mange som har svært eller ganske stor tilfro).

Tilfroa til spesialisthelsetenesta er på 80 prosent, 1 prosentpoeng ned frå august 2010.

Utvikling over tid meget og ganske




7.2 Forskjell i tiltru i gruppa pasient/pårørende samanlikna med gruppa andre

Forskjellen mellom dei som har vore pasientar/pårørende og dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra, er 4 prosentpoeng. Tiltrua er litt høgare blant dei som har vore i kontakt med spesialisthelsetenesta i forhold til dei som ikkje har vore i kontakt dei siste tre åra

7.3 Inntrykk av det regionale helseføretaket

Inntrykket av det regionale helseføretaket, ligg i september på 62 prosent, det høgaste nivået som er målt sidan målingane starta i mai 2008.



7.4 Forskjell i tiltru mellom pasientar og pårørende:

Forskjellen i tiltrua mellom pasientar og pårørende er i september 3 prosentpoeng. Tiltrua til spesialisthelsetenesta er litt høgare blant dei som har vore pasientar dei siste tre åra.